

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[**785**] N-31162 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 19, 22; 1988c: 48, 60; 1990b: 18, 21, [41]; NIyR VI: 121, omtala som A168; Seim 1991b: 26; Christophersen 1998: 27).

Innskriфта står på ein trepinne med rektangulær form, kanskje avbroten i den eine enden. Pinnen er 133 mm lang, 15 mm brei og 4-5 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1975 i felt FF og høyrer til ei gruppe "lausfunn" som ikkje kan daterast arkeologisk på same måte som resten av tilfanget med innskrifter frå Folkebibliotekstomta.

Runene står på den eine breisida av pinnen. Innskrifta tek til ved det som kan vera brotkant, og dekkjer om lag 2/3 av flata. Runene er 15 mm høge. R. 4, 6, 11, 14 og 18 (**r**) har alle lukka boge med kvist frå bogen og ned til grunnlina. Staven av r. 18 visest elles berre svakt slik innskriфта er bevart, men er sikker nok. R. 7 og 15 har baa punktering i enden. Det er elles ikkje tvil om lese måten på noko punkt av innskriфта.

† B † R † R † | * † R † † R † † † R

a b a r þ r s i h u r þ a r s o n r

á Bárðr Sigurðarsonr. `eig Bård Sigurdsson'.

Gjenstanden innskriфта står på, har ikkje ytre form av å vera ein merkelapp av det slaget vi elles har i materialet. Det er såleis ingen spor etter feste e. l. Men innskriфта følgjer rett etter noko som kan vera ein brotkant slik at ei eller anna utskjering for feste kan tenkjast å vera tapt saman med meir av innskriфта. Jamvel om verbet grammatisk sett kan stå i spiss-stilling i norrønt mål, er det difor mogleg at eit objekt difor er borte her. Men også ei slik ordstilling ville gi ei syntaktisk utforming av eigarformularen som i tilfelle ville vera eineståande i materialet av merkelappar frå Trondheim og Bergen (jf. Hagland 1988b: 19 og 1990b: 29ff). Med nokon tvil er innskriфта rekna med mellom merkelappinnskriфтene her. Eit argument for det kan også vera den varierende plasseringa vi elles finn av verbet i eigarformularen når det er med tilnamn eller patronymikon (jf. N784).